



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
15.12.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/15376
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Melding om tilsyn med Meland kommune 3.-4. mars 2015 - samhandling om utskriving av pasientar frå spesialisthelsetenesta til kommunen

Fylkesmannen i Hordaland fører tilsyn med helse- og omsorgstenester i fylket, jf. lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten §§ 2 og 3.

Vi melder med dette om tilsyn med Meland kommune 3. og 4. mars 2015.

Føremålet er å undersøkje om kommunen ved systematisk styring og leiing har lagt til rette og ser til at krav til forsvarleg verksemd blir oppfylt.

Tilsynet omfattar helse- og omsorgstenester til pasientar som blir skrivne ut frå somatisk avdeling til eigen heim, ikkje pasientar som blir utskrivne til korttids- eller langtidsopphald i sjukeheim.

Tema for tilsynet er om kommunen sørgjer for forsvarlege helse- og omsorgstenester til pasientar som blir skrivne ut til eigen bustad. I dette inngår samhandling med spesialisthelsetenesta, informasjon og medverknad frå pasient/pårørande før og etter at pasienten er utskreven, informasjon til og samarbeid mellom kommunale tenester og fastlegar. Informasjon om legemiddel er brukt som markør på samhandling.

Formidling av relevante og nødvendige opplysningar ved overgang mellom nivåa og mellom helsepersonell er ein grunnleggjande føresetnad for forsvarleg pasientbehandling.

For å få opplysningar om pasientane sine erfaringar med informasjon og medverknad, vil pasientar som nyleg er utskrivne bli invitert til å svare på ei spørjeundersøking. Ved bruk av spørjeskjema vil vi også innhente informasjon frå fastlegane deira. Tilsynet omfattar ikkje verksemda til fastlegane.

Tilsynet er del av det landsomfattande tilsynet i 2015 med samhandling om utskriving av pasientar frå spesialisthelsetenesta til kommunen. I helseregion Vest blir det ført tilsyn med eit sjukehus og to kommunar i opptaksområdet til kvart helseføretak. Vi skal føre tilsyn med Bergen kommune, Åsane bydel 10.-11. mars og Haraldsplass Diakonale Sykehus 17.-18. mars.

Regelverk som blir lagt til grunn ved tilsynet er:

Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten

Lov av 24. juni 2011 om kommunale helse- og omsorgstjenester

Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter

Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.

Forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i sosial- og helsetjenesten

Forskrift av 18. november 2011 om kommunal medfinansiering av spesialisthelsetjenesten og kommunal betaling for utskrivningsklare pasienter

Andre relevante forskrifter

Vi ber om at Meland kommune peikar ut ein kontaktperson for dette tilsynet og gir oss beskjed om kven det er snarast råd og **innan 8. januar 2015**.

Som del av førebuinga til tilsynet inviterer vi leiarar frå kommunane og sjukehuset til eit felles formøte i Statens hus, Kaigaten 9, den **15. januar kl 1300-1500**. I møtet gir vi meir utfyllande informasjon om tilsynet og vil også be om å få informasjon om verksemda i kommunane og på sjukehuset.

Frå Haraldsplass Diakonale Sykehus har vi bedt om å få informasjon om pasientar busett i Meland kommune som i perioden 1. oktober -15. desember 2014 er skrivne ut til eigen bustad og med behov for heimesjukepleie.

I tidsrommet 8.-15. januar tek vi kontakt med leiar for Meland heimeteneste for å kontrollere pasientopplysningane frå sjukehuset, mellom anna namn på fastlege og om vi har fått oppgitt rett adresser til pasientane.

Innan 3. februar 2015 ber vi om å få tilsendt følgjande opplysningar:

1. Organisasjonskart for Meland kommune om dette er endra etter 5. august 2014, jf, informasjon på nettsida til kommunen.
2. Namn på leiar og stillingsomtalar eller andre dokument som omtalar fordeling av ansvar, mynde og oppgåver.
3. Namn på leiar, evt. gruppeleiarar og tilsette i Meland heimeteneste
4. Informasjon om samarbeidsutval og allmennlegeutval i kommunen, medlemmer og referat frå dei to siste møta.
8. Informasjon om informasjon til og involvering av fastlegane i utarbeiding og (eventuell) revisjon av tenesteavtale om innlegging og utskriving frå spesialisthelsetenesta.

Vi har overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale (3 og 5) for samarbeid om innleggelse i og utskriving frå spesialisthelsetjenesten innen somatisk sektor, jf. dokument på www.saman.no

9. Informasjon om rutinar/ eventuelt skriftlege prosedyrar og sjekklister for mottak og svar på varsel frå sjukehuset.
10. Informasjon om rutinar, eventuelt skriftlege prosedyrar, for vurdering av behov og tildeling av tenester samt mottak av pasient som blir skriven ut til eigen heim kvar dag, kveld og helg.
11. Rutine for revurdering av behov etter utskriving og endring av tenester.
12. Rutine for formidling av opplysningar til fastlege om endringar i legemiddel.
13. Informasjon om samarbeidsrutinar mellom heimesjukepleia og fastlegane.
14. Informasjon om korleis eventuelle feil og manglar i samband med utskriving frå sjukehus blir handtert i kommunen og overfor sjukehuset.
15. Eventuelt andre opplysningar som kommunen meiner er relevante for dette tilsynet.

Send gjerne dokumenta som e-post til fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Tilsynet blir utført som systemrevisjon. Program for tilsynet blir sendt i veke 8.

Tidspunkt for møte, intervju og stikkprøver og namn på personane vi ønskjer å intervju vil gå fram av programmet. Frå vår side er det ønskjeleg om alle som er sett opp til intervju, kan delta på opningsmøtet 10. mars. Dato for sluttmøtet blir avtalt i møtet 15. januar.

Vi ber om å få disponere eit møterom med plass til 10-15 personar for gjennomføring av opningsmøtet. Vi ber også om å få disponere eit rom med plass til 6-7 personar for intervju.

Ved tilsynet gjer vi stikkprøver i eit utval pasientjournalar. Vi ber vi om å få eigen brukartilgang på tre pc-ar. Vår heimel for å få innsyn i pasientjournalane går fram av helse- og omsorgstenestelova § 5-9, jf. helseregisterlova § 31.

Ver venleg å informere etatssjefar og einingsleiarar om tilsynet slik at dei kan leggje til rette for å vere tilgjengelege ved tilsynet.

Ved eventuelle spørsmål om tilsynet er de velkomen til å ta kontakt. Kontaktperson er Anne Grete Robøle, fmhoagr@fylkesmannen.no, telefonnr. 55 57 22 31.

Med helsing

Signe Marit Stephanides
ass. fylkeslege/seksjonsleiar

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.